

## **Yemanedagen 8.januar**

Fleire av organisasjonane som er tilslutta Asylpolitisk forum arbeider for å etablere Yemanedagen 8.januar som ein årvisst dag for å setje søkelys på asylpolitikken i Noreg. IKFF deltek i dette arbeidet. Men det blir endringar i dei to planlagde arrangementa på årets Yemanedag 8.januar. Nettmøtet 8.januar går ut, og arrangementet i Hamar Kulturhus blir utsett til 24.februar. Meir informasjon kjem.

## **Amnesti**

I Granavollerklæringa lova Solberg-regjeringa amnesti for lengeverande ureturnerbare asylsøkarar som hadde vore 16 år i landet. Våren 2020 leverte IKFF inn høyringsnotat om *Endringer i utlendingsforskriften – engangsløsning for utlendinger med mer enn 16 års oppholdstid i Norge. Saksnr: 19/544* . Regjeringa sin lovnad er enno ikkje innfridd.

Den strenge flyktning - og asylpolitikken i Noreg rammar papirlause og ureturnerbare svært sterkt. Dei som bur på asylmottak, får ikkje lov til å arbeide. Dei får ikkje utdanning eller kurs. Den som bur på mottak, får utbetalt kr.965 kr kvar 14.dag. Denne summen skal dekke mat, klær, medisiner, toalettartiklar, transport m.m. Papirlause og dei som bur i mottak får helsehjelp for akutte og livstrugande tilstandar, men ikkje helsehjelp på line med andre.

Yemane Teferi har gitt dagen namn. Han flykta frå Eritrea i 1974, 17 år gamal og medlem i Den eritreiske frigjeringsfronten. I 1990 søkte han asyl i Sverige, men fekk avslag. Yemane Teferi kom til Noreg i 1998. Han døydde 58 år gamal på Bømlø asylmottak 8.januar 2016. Då hadde Yemane Teferi budd over 20 år i tilsaman 13 asylmottak.

## **Lang tradisjon i IKFF**

I mellomkrigsåra var medlemmer av IKFF Norge aktivt med i arbeidet for å hindre at jødar vart sendt til Hitlers konsentrasjonsleirar. Då drog IKFF-kvinner til Tsjekkoslovakia og henta 21 jødiske barn til Noreg. Då norske politifolk henta jødar for å sende dei til Tyskland i 1942, var IKFF -kvinner med og berga jødiske barn over til Sverige. Etter andre verdskrig har verdskongressane i WILPF vedtatt ei rad fråsegner som gjeld migrantar og flyktningar.

I vår deltaking i Yemanedagen vektlegg vi FN's perspektiv og dei internasjonale avtalar som Noreg har forplikta seg til å fylgje på feltet migrasjon og flyktningar. Yemanedagen gjeld grunnleggjande rettar for menneske på flukt. Menneske reiser frå eige land fordi dei vert

forfylgde og undertrykte, rømer frå krig, eller for å skaffe seg og sine eit betre liv. Retten til å migrere og retten til å flykte og søke asyl, er forankra i FN's verdserklæring om menneskerettane, i § 13 om retten til å reise, og i §14 om retten til asyl.

Ut frå vår ståstad og våre røter vil IKFF vektlegge å få fram krig og konflikhtar som årsak til at menneske flyktar. Kvinner på flukt er særleg utsette. Mange er gravide, får barn, tek hand om barn. Mange kvinner på flukt blir misbrukte og utsette for strukturell vald.

Vi vil lyssetje kvinners situasjon, enten dei sit i ein båt i Middelhavet eller i eit asylmottak i Noreg.

Audgunn Oltedal (For IKFF gruppa *Kvinner i krig, på flukt og som flyktninger* )